

H. SANDVIK A/S

Entreprenør

Lindås kommune
Byggesaksavdeling
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Galteråsen 4
5916 Isdalstø
Tlf: 56 35 30 78
helge@h-sandvik.no
Bankgiro: 3632.71.03916
MVA reg. nr: 14524797
Foretaksnr: 989482920

Merk: Eilin Houlison Molvik

Isdalstø 04.04.2016

Klage på avslag på søknad om løyve til oppføring av tilbygg gbnr 188/722 Gjervik ytre, saknr: 15/3042.

Viser til e-post frå byggesaksavdelinga datert 30.03.16., ved sakshandsamar Eilin Houlison Molvik, med avslag på søknad om oppføring av tilbygg på tomannsbustad i Oterdalen i Knarvik, gbnr 188/722.

Stortinget har ved fleire høve understreka at plan- og bygningslova, skal vere ein «ja-lov» (blant anna i Innst. 270 L (2013–2014)), noko vi meiner byggesaksavdelinga i Lindås kommune ikkje etterkjem med grunngjevinga si av dette avslaget. Vi stiller oss uforståande til at det ikkje er tatt omsyn til visuelle kvalitetar, at utforminga er tilfeldig og at tiltaket står fram som usymmetrisk i høve til attverande del av tomannsbustaden. Vi meiner tvert imot at omsøkt tiltak er gjennomtenkt og at tilbygget vil stå fram som funksjonelt og svært lite synleg i omgivnadene. Vi har tatt omsyn til at det opne landskapet rundt gangvegen som ligg sør-vest for eigedommen skal oppretthaldast. I avslaget datert 30.03.16., skisserer sakshandsamar at ei eventuell utbygging berre bør skje mot sør-vest i same stil som attverande tomannsbustad. Ei slik løysing vil kunne hindre sikt på gangvegen, lage ei «fortetting» mot gangvegen som ikkje er naudsynt, hindre utsikt for naboar og ikkje minst øydeleggje for dei gode soltilhøva på staden. Eigedomen sin storleik, på nærmare 400 m², burde absolutt tilsei at tilbygget kan realiserast. Vi ønskjer også å peike på at tilgangen på hus tilpassa familiar med tre born, er svært dårlig i Knarvik, og at demografiske omsyn også bør takast i slike saker.

Vi har, i desse punkta, summert opp våre grunngjevnader for at dette prosjektet bør kunne realiserast i samsvar med søknad om løyve til tiltak datert 07.01.16.:

- Store delar av tilbygget i første høgda vil delvis bli grave ned (vaskerom, baderom og bod), og vil vere svært lite synleg.
- Utbygget i andre høgda vil ha same stil og takvinkel som tomannsbustaden elles.
- Tiltaket si utforming og storleik vil gje ein funksjonell heim til ein familie på 5 personar.
- Tiltaket si utforming tek svært lite/ingen utsikt frå naboor.
- Ingen naboor har komme med innvendingar til prosjektet.
- Næraste nabo har skrive eiga erklæring på at han samtykker til prosjektet.
- Det har blitt gjennomført liknande tiltak i nabologatet (Røsvika nr.16), sjå vedlegg 1.
- Tiltaket si utforming gjer at soltilhøva på tomata framleis vil vere gode (I kontrast til byggesaksavdelinga sitt ønskje om berre å byggje ut mot nord-vest).
- Ingen siktsoner på nærliggjande vegar/gangvegar vil bli påverka av prosjektet.
- Tomta vil, etter ei eventuell gjennomføring av prosjektet, framleis ha eit uteareal på over 270 m² og eit plen-areal på ca. 200 m².
- Etter ei eventuell utbygging, vil tomata framleis vere ei av tomtene med lågast utnyttingsgrad i området.
- Ein familie med tre born på 5, 7 og 9 år, med sterk tilknyting til området, kan halde fram å bu der.


Vi håpar på at denne saka får ei positiv vurdering i klagerunden, og at dei positive elementa ved prosjektet vert lagt vekt på i vidare vurdering. Dersom / når denne saka kjem opp i Plan og miljøutvalet i Lindås kommune, er det eit sterkt ønskje frå ansvarleg søkjar og tiltakshavar om at det vert gjennomført ei synfaring på tomta.

H. SANDVIK A/S

Entreprenør

**Galteråsen 4
5916 Isdalstø
Tlf: 56 35 30 78
helge@h-sandvik.no
Bankgiro: 3632.71.03916
MVA reg. nr: 14524797
Foretaksnr: 989482920**

Vedlegg 1



H. SANDVIK A/S

Entreprenør

**Galteråsen 4
5916 Isdalstø
Tlf: 56 35 30 78
helge@h-sandvik.no
Bankgiro: 3632.71.03916
MVA reg. nr: 14524797
Foretaksnr: 989482920**



Vedlegg 2

Som ein digresjon legg vi ved biletet av dette huset i stallane 26 A og B. Vi kan ikke sjå at estetikk og symmetri har blitt tatt omsyn til her. Opphavleg bygg til høgre med raudt tak, og nytt bygg til venstre med svart tak .

H. SANDVIK A/S

Entreprenør

**Galteråsen 4
5916 Isdalstø
Tlf: 56 35 30 78
helge@h-sandvik.no
Bankgiro: 3632.71.03916
MVA reg. nr: 14524797
Foretaksnr: 989482920**



Med vennleg helsing

Helge Sandvik

Helge Sandvik

Mob 97 01 96 34